

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. *Kunstens autonomi og kunstens økonomi* presenterer eit godt og grunnleggande arbeid og er viktig materiale for vidare utvikling og utforming av kunstpolitikken både nasjonalt og regionalt.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på at det vert lagt til rette for at kunstnarane kan få ytterlegare inntekter på sitt arbeid, men det må vere ein realisme i korleis ein vurderer dette potensialet. Det må innrømmast at der er ulike utgangsposisjonar og ulike utfordringar i dei enkelte kunststartane / kunstnargruppane når det gjeld økonomisk potensiale. Det må ligge offentlege økonomiske støtteordningar i botn for kunstpolitikken, og ulikskapen i kunststartane må vere eit grunnlag for korleis ein utformer og handsamar verkemidla.
3. Hordaland fylkeskommune støtter tilrådinga om at det bør takast initiativ til ei større utgreiing om konsekvensar digitaliseringa har skapt for å skape og formidle kunst. Det er viktig at revisjonsarbeidet med Åndsverksloven betre sikrar inntekter for det verk kunstnaren har skapt, og at Åndsverkloven vert tilpassa den digitale utviklinga som skjer både på kunstområdet og i samfunnet forøvrig.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt om dei regionale kunstsentra får hand om utstillingsstipenda. Både stat og regionar bør i større grad nytte dei regionale kunstsentra som regionale ledd både i dette arbeidet og andre kompetansehevande og formidlande tiltak. Dette krev ei styrking av kunstsentra sine ressursar, då dei ofte er små einingar.
5. Hordaland fylkeskommune ser at det må leggjast betre til rette for internasjonalisering i kunstlivet og blant enkeltkunstnarar, både for å fremje kunstnarleg utvikling og for å vidareutvikle økonomisk potensiale og marknad. Ein ber regjeringa ha eit særleg på fokus eventuelle følgjer av omlegginga av kunst- og kultursatsinga gjennom Utenriksdepartementet.
6. Hordaland fylkeskommune ser dei føreslåtte skattefradraga som gode insentiv for å stimulere til kjøp av kunst og støtte av / investering i kunstfremål.
7. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det vert sett fokus på at kunstnarar bør oppnå sosiale rettar og velferdsordningar på line med andre arbeidstakarar.
8. Hordaland fylkeskommune er skeptisk til det sterke kravet til den enkelte kunstnar som entrepenør. Dette kan ta fokus bort frå den reinte kunstnarlege verksemda. Ein ser derimot svært positivt på at det vert tilrådd å oppmuntre til nettverk blant kunstnarar. Hordaland har fleire slike gode, fungerande regionale nettverk som bør styrkast. Slike kompetansehevande fellesskapsløysingar er også eit prioritert område i den regionale kulturplanen for Hordaland.
9. Hordaland fylkeskommune merker seg påpeikinga i kapittel 14 om at kunstpolitikken bør løftast som eige politikkområde også regionalt. Vi viser i den samanheng til den nyleg vedteke regionale kulturplan PREMISS : KULTUR, spesielt innsatsområde 27. *Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet*.
10. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med at rapporten synleggjer den effekt fylkeskommunale oppdrag har for økonomien til kunstnarane. Ein vil forsette å vidareutvikle både kunstformidlinga i skulen og kunstprosjekta i offentlege rom. I regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune fremja forslag om å vidareutvikle Kunst i offentlig rom til også å gjelde anna anleggsverksemd, t.d. samferdsleprosjekt.

11. Hordaland fylkeskommune si kunstformidling i skulen bruker rammeavtale framforhandla av fylkeskommunar og Kunstnernettverket i 2012 og tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon(MFO) og Rikskonsertane. Det er trong for ein felles, bindande avtale for alle kunstuttrykk slik som tilrådd i rapporten, og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for samhandling i denne saka. Staten må kompensere auka lønsutgifter slik at det ikkje inneber innskrenking i tilbodet til elevane.
12. Hordaland fylkeskommune ser det som problematisk, ut frå eit prinsipielt demokrati- synspunkt, at det vert oppretta ein ny instans for forvaltning av kunst- og kunstnarpolitikken. Både om det skulle vere eit eige organ eller som ei avdeling under Norsk kulturråd. Kulturdepartementet og det politiske systemet må ta i vare og utvikle kunstpolitikken, med Kulturrådet og andre organ utanfor som kunnskapsressursar og som setter den vedtekne kulturpolitikken ut i livet.